



Årsrapport 2013



| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Hovudprioriteringar og kjerneoppgåver..... | 4 |
| 1.1 | Hovudprioriteringar..... | 4 |
| 1.2 | God og effektiv myndigheitsutøving | 4 |
| 1.3 | Samfunnstryggleik og beredskap..... | 4 |
| 1.4 | Miljøvernforvalting | 4 |
| 1.5 | Sysselmannen sin organisasjon og interne verksemd | 5 |
| 2 | God og effektiv myndigheitsutøving..... | 6 |
| 2.1 | Nærvær, tokt og inspeksjonar | 6 |
| 2.2 | Reiselivsforvalting | 11 |
| 2.3 | Oppretthalding av norske samfunn på øygruppa | 11 |
| 2.4 | Etterforskning og påtalearbeid | 13 |
| 2.5 | Andre offentlege oppgåver | 13 |
| 3 | Samfunnstryggleik og beredskap | 15 |
| 3.1 | Politiberedskap..... | 15 |
| 3.2 | Redningsteneste..... | 16 |
| 3.3 | Beredskap mot akutt forureining | 16 |
| 3.4 | Feltinspektørtenesta | 17 |
| 4 | Miljøforvalting | 18 |
| 4.1 | Naturvern - sikring av den særleine villmarka | 18 |
| 4.2 | Kulturminnevern | 18 |
| 4.3 | Artsforvalting og isbjørnepisodar | 20 |
| 4.4 | Arealforvalting | 22 |
| 4.5 | Forureining..... | 22 |
| 4.6 | Løyver til forskning og film | 25 |
| 4.7 | Motorferdsel | 26 |
| 4.8 | Dyrehelse..... | 28 |
| 4.9 | Miljøinformasjon | 28 |
| 5 | Sysselmannen sin organisasjon og interne verksemd..... | 29 |
| 5.1 | Organisasjon, personell og eigedomsforvalting..... | 29 |
| 5.2 | Arkiv | 29 |
| 5.3 | Økonomi | 30 |
| 6 | Svalbards miljøvernfond..... | 32 |

Innleiing

Årsrapporten 2013 for Sysselmannen på Svalbard er utforma på grunnlag av dei måla som er sett i St.prp. nr 1 Svalbardbudsjettet og tildelingsbrevet for 2013. Målsetjinga med årsrapporten er å gje eit totalbilete av Sysselmannen si verksemd. Rapporten for 2013 er sett saman på same måte som føregåande år, og dei ulike resultatmåla er plassert under ulike overskrifter som refererer til tildelingsbrevet.

Kapittel 1 skildrar korleis Sysselmannen har utført oppgåvene innanfor kjerneoppgåvene politi og beredskapsoppgåver, miljøvernoppgåver, tilsynsoppgåver, administrative gjeremål og utvikling av svalbardpolitikken. Kapittel 2 tek føre seg korleis Sysselmannen har utført oppgåvene når det gjeld utøving av god og effektiv myndigheitsutøving. Kapittel 3 gjeld redning og beredskap, medan kapittel 4 tek føre seg miljøvernforvaltning. Kapittel 5 er om Sysselmannen si interne verksemd og rekneskap. Svalbards miljøvernfond er omtala i kapittel 6.

1 Hovudprioriteringar og kjerneoppgåver

1.1 Hovudprioriteringar

Hovudprioriteringane er gitt til Sysselmannen gjennom tildelingsbrevet. For 2013 har prioriteringane mellom anna vore arbeid med nye kontraktar for transportressursane til Sysselmannen. Arbeidet med planlegging og igangsetjing av nytt tilbygg til administrasjonsbygget har òg vore følgt opp tett. Den generelle beredskapen har òg hatt høg prioritet. Vidare har Sysselmannen arbeida med risikostyring, slik vi har blitt bedne om i tildelingsbrevet.

1.1.1 Nye kontraktar for transportressursane til Sysselmannen

Sysselmannen har skriva ny kontrakt for leige av fartøy. Det er brukt mykje tid til å følgje opp kontrakten for å sikra at Sysselmannen får det fartøyet vi har skriva kontrakt for og sikra at fartøyet er utstyrt slik vi har tinga. Fram til nytt fartøy er ferdigbygd, vil reiarlaget levera eit førebels fartøy, og Sysselmannen har arbeidd mykje med å få på plass eit førebels fartøy som kan utføre tenesta tilfredstillande.

Ny kontrakt for helikopterteneste vart underskreven i desember 2012. Oppfølging av denne kontrakten, for å sikra ei god teneste, har òg kravd mykje tid i 2013. I dette arbeidet har vi òg hatt eit sers godt samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementets helikopterprosjekt, NAW SARH.

1.1.2 Risikostyring

Tildelingsbrevet for 2013 gjer klart at vi skal driva verksemda i samsvar med prinsippa om risikostyring. Sysselmannen har difor gjennomført risikostyring på eit overordna nivå i samsvar med tinginga.

1.2 God og effektiv myndigheitsutøving

Tokt og inspeksjonar vart avvikla som planlagt i 2013. Sysselmannen sine transportressursar er viktig for myndigheitsutøvinga og beredskapen på øygruppa.

1.3 Samfunnstryggleik og beredskap

I eigenskap av både politimeister og fylkesmann har Sysselmannen på Svalbard ei sentral rolle, både i å førebygge og handtera uønska hendingar. Som fylkesmann skal Sysselmannen ivareta rolla som pådrivar og vegleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. I 2013 utarbeida Sysselmannen ei ny risiko- og sårbarheitsanalyse for Svalbard. Analysen vart laga i samarbeid med lokale beredskapsaktørar på Svalbard og dannar grunnlag for revisjon og vidareutvikling av eit heilskapleg beredskapsplanverk.

Polititenestepersonane har gjennomført årleg vedlikehalds- og treningsprogram, og godkjenningsskyting med tenestevåpen. Hausten 2013 vart det i tillegg sett av ei veke til trening og øving på såkalla skarpe aksjonar, med assistanse frå instruktørar frå beredskapstroppen i Oslo politidistrikt.

Redningstenesta på Svalbard er organisert på same måte som på fastlandet. Sysselmannen er lokal redningssentral (LRS), underlagt Hovudredningssentralen (HRS) i Nord-Noreg og med ansvar for landbasert redning innanfor Sysselmannen sitt geografiske ansvarsområde. I 2013 koordinerte Sysselmannen 67 redningsoppdrag, som er ein nedgang frå året før, men på nivå med 2011.

Svalbard har eit lokalt utval mot akutt forureining (UA), som vert leia av Sysselmannen. Det er etablert ei depotstyrke på 20 personar. I 2013 gjennomførte Kystverket opplæring og øving for depotstyrken og utvalet mot akutt forureining.

1.4 Miljøvernforvaltning

Arbeidet med forvaltingsplanar for alle verneområda på Svalbard er vidareført i 2013 med igangsetjing av planarbeidet for nasjonalparkane på Vest-Spitsbergen, Forlandet og fuglereservata langs vestkysten.

Aktiviteten innan utvinning av kol og forskning er fortsatt høg. Oppfølging og tilsyn med arbeidet knytt til kolgruva i Lunckefjell og etableringa av ei ny geodesiantenne i Ny-Ålesund har vore prioritert.

I alle busetnadane har det vore stor aktivitet i 2013. Trust Arktikugol har sett i gong utarbeiding av arealplan for Pyramiden. Fleire nye delplaner knytt til forskning og infrastruktur i Longyearbyen og Barentsburg er vedteke.

Kulturminneplan for 2013-2023 er ferdigstilt. Eit nytt temahefte *Longyearbyen, fra company town til moderne by* er utarbeida. Ei rekke kulturminne er dokumenterte, kartfesta og reparerte. Eit prosjekt med å digitalisere gamle bilete og rapportar er godt i gong.

Trust Arktikugol har hatt god framgang i arbeidet med opprydding av forureina grunn i Pyramiden og Colesbukta. Avfallsplan for Barentsburg er vedteke, men systemet for handtering av avfallet er ikkje ferdig. Det vart gjennomført eit vellukka strandryddingstokt, og 155 kubikkmeter med søppel vart samla inn på nordsida av øygruppa. Ryddeprosjekta i Ny-Ålesund og Longyearbyen, som har gått over fleire år, er avslutta. Vidare ryddetiltak skal vurderast på begge stadane.

Det er godt samarbeid med Longyearbyen lokalstyre på fleire område, mellom anna innanfor arealplan, kulturminne og forureining. Den årlege ryddedugnaden i Longyearbyen og ein dugnad på Fuglefjella med folk frå både Barentsburg og Longyearbyen er gjennomførte.

Innanfor jakt, fangst og fiske er rapporteringa forbetra. Teljing av svalbardrein i jaktområda viser at førekomsten der er god.

Arbeidet med å forbetre registreringa av helikopterferdsel har vore vidareført. Det samla talet på helikopterlandingar har gått ned sidan statistikken vart etablert i 2011, sjølv om det er ein oppgang frå 2012.

Fleire hendingar med oppsøking og uroing av sel og isbjørn, særleg i Tempelfjorden, meldingar frå skifolk om skuterar i skuterfrie område og mange lause hundar som skadar reinsdyr, er følgt opp, mellom anna med bøter. Vi har òg auka informasjonstiltaka på dette feltet gjennom opne møte og nye informasjonsbrosjyrar.

I august 2013 flytta ein veterinær til Svalbard på eige initiativ og opna praksis med stønad frå mellom anna Landbruks- og matdepartementet. Sysselmannen er svært nøgd med denne løysinga, som er avgjerande for god velferd og helse hjå hundar og andre husdyr på Svalbard.

1.5 Sysselmannen sin organisasjon og interne verksemd

I 2013 har talet på tilsette hjå Sysselmannen halde fram med å auka, og Sysselmannen fekk ei ny stilling. På same vis som tidlegare år vert om lag ein tredjedel av arbeidsstokken skifta ut. Dette inneber at vi tilset omlag ti nye kvart år. Den største enkelthendinga i 2013 har vore planlegging og start av bygginga av nytt tilbygg for Sysselmannen. Det har vore gjennomført vernerundar og laga ein plan for helse, miljø og tryggleik (HMT) for 2014. Sjå punkt 5 for fleire detaljar.

2 God og effektiv myndighetsutøving

2.1 Nærvær, tokt og inspeksjonar

Tokt og inspeksjonar vart avvikla som planlagt i 2013. Det vart utført oppgåver som oppsyn, inspeksjonar, oppgradering av drivstoffdepot for redningstenesta, reparasjon av tenestehytter, kulturminneregistreringar, teljing og registrering av dyr og planter, rydding av søppel, registrering av ferdsel og inspeksjonar av skip.

2.1.1 Transporttenesta

Samarbeidet med Airlift AS

Samarbeidet mellom Sysselmannen og Airlift AS har vore godt gjennom året, og Sysselmannen er tilfreds med helikopteroperatøren si teneste. Regularitets- og beredskapskrava i kontrakten vart oppfylt med god margin. I 2013 vart helikopter brukt i 51 redningsoppdrag og 15 ambulansoppdrag. Sjå kapittel 3.2 for nærare omtale av redningstenesta.

Som ein konsekvens av auka aktivitet og auka ansvarsområde, er det tidlegare bestemt at Sysselmannen si helikopterteneste frå 2014 skal utvidast frå dagens teneste med eitt stort og eitt mellomstort helikopter, til to store helikopter. Ny helikopterhangar skal stå klar til Lufttransport AS overtek som helikopteroperatør for Sysselmannen 1. april 2014.



Sysselmannen sitt redningshelikopter. Bilete: Wemunn Strand Aabø/Politidirektoratet

Samarbeidet med MS «Nordsyssel»

Tenestefartøyet til Sysselmannen er ein viktig beredskapsressurs, i dei årlige inspeksjonane av øygruppa og generelt i Sysselmannen si myndighetsutøving på øygruppa. I 2013 leigde Sysselmannen MS "Nordsyssel" i 150 døgn, mot 180 døgn i året dei føregåande ti åra. Sysselmannen gjennomførte 13 tokt med fartøyet i 2013. Tala for 2012 og 2011 var 14 og 12. Fartøyet hadde i alt 93 seglingsdøgn. Tilsvarande tal for 2012 og 2011 var 116 og 123. Utsegla distanse var 8 178 nautiske mil, inkludert overfarten Tromsø-Longyearbyen-Tromsø. Samarbeidet mellom Sysselmannen og operatøren av MS "Nordsyssel" og mannskapet har vore godt.



MS «Nordsyssel». Bilete: Arild Lyssand/Sysselmannen på Svalbard

Remøy Management AS er tildelt kontrakt for leige av tenestefartøy til Sysselmannen frå 2014. Fartøyet er eit nybygg og har miljøstandarden «Clean Design». Det er utrusta med det nyaste innanfor miljøvennleg teknologi, framdriftsmaskineri og navigasjonsutstyr. Fartøyet vil ha god kapasitet ved rednings-, brann- og oljevernaksjonar.



2.1.2 Statlege tilsyn

Branntilsyn

Med fagleg assistanse frå Longyearbyen brannvesen har Sysselmannen gjennomført 11 branntilsyn i særskilte brannobjekt utanfor Longyearbyen arealplanområde. Ved utgangen av året var alle avvik lukka.

Tilsyn med jordstasjoner for satellitt

Sysselmannen fører tilsyn med at alle jordstasjoner for satellitt på Svalbard følger særskilte reglar gjevne i kapittel 3 i forskrift om etablering, drift og bruk av jordstasjon for satellitt (FOR-1999-06-11-664). Forskrifta skal sikra at bruk av jordstasjonane skjer innanfor ramma av Svalbardtraktaten.

Sysselmannen har assistanse frå Post- og teletilsynet (PT) og Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) ved slike tilsyn. Det har vore gjennomført tilsyn med satellittstasjonen ved SvalSat ved Longyearbyen og med stasjonane i Ny-Ålesund to gonger i 2013. Vidare er det ført tilsyn med stasjonane i Barentsburg og Hornsund ein gong. Ingen av tilsyna gav nokon funn.

Helserådet på Svalbard

Tilsyn vert gjort i samarbeid med Mattilsynet i Troms og Longyearbyen sjukehus. Det vart i 2013 gjennomført tilsyn i Barentsburg, Svea og i Ny-Ålesund utan at nokon fekk merknader.

Mattilsyn

Sjå punkt 4.8 om dyrehelse.


2.1.3 Regjeringa sin representant på Svalbard - besøk og representasjon

Sysselmannen har mange oppgåver i samband med besøk på øygruppa. Desse besøka krev i ulik grad bistand frå sysselmannskontoret. Dei er inndelt i to grupper fordelt på besøk med heilt eller delvis programansvar og besøk som berre inneber ei orientering frå Sysselmannen.

Sysselmannen har i 2013 hatt fullt programansvar for H.M. Dronninga og for arbeids- og sosialkomiteen på Stortinget sine besøk på Svalbard. I samband med desse besøka vart det òg arrangert middag i Sysselmannsgarden.

Sysselmannen har hatt delvis programansvar i høve besøk frå landbruks- og matministar Trygve Slagsvold Vedum, H.K.H. prinsesse Maha Chaakri Sirindhorn av Thailand, justis- og beredskapsminister Grete Faremo, Sverige sin landbruksminister Eskil Erlandsson, parlamentarikarar frå Arktiske land, Noreg sin ambassade i London og Noreg sin ambassade i Washington.

Sysselmannen tok i mot H.M. Kongen då han var på eit privat besøk til Svalbard.



Sysselmannen har òg hatt møter med ein katolsk biskop og ein apostolisk nuntius, samt Tyrkia sin ambassadør til Noreg.

I 2013 vart det arrangert seks middagar i Sysselmannsgarden.

2.1.4 Kontakt med dei utanlandske busetnadane

Barentsburg

Ved utgangen av året budde det 419 personar i Barentsburg. Dei fleste av desse er ukrainarar og russarar som arbeider for det russiske gruveselskapet Trust Arktikugol. I tillegg kjem personalet ved Den russiske føderasjonen sitt generalkonsulat i Barentsburg, samt dei tilsette på forskingssenteret og på helikopterbasen. I Barentsburg, som i dei andre busetnadane på Svalbard, er det sesongsvingingar i folketalet.



Barentsburg: Det gamle konsulatet til høgre. Bilete: Arild Lyssand/Sysselmannen på Svalbard

Fleire delegasjonar av politikarar og statlege tenestemenn besøkte Barentsburg våren 2013. Blant desse var Stortinget sin helse- og sosialkomité, Det interdepartementale polarutval og utanlandske

forsvarsattachéar i Noreg. Russland sin visestatsminister og leiar for Spitsbergen-kommisjonen Arkadij Dvorkovitsj besøkte Svalbard i sommar og hadde eit møte med sysselmann Odd Olsen Ingerø.

Arbeidet med å betra levestandarden og tenestetilbodet i Barentsburg vart vidareført i 2013. Den innvendige utbetringa av sjukehuset er no ferdig. Både kulturhuset, idrettskomplekset og fleire bustadblokker er vorte etterisolert og fått ny utvendig kledning. Småskalabryggjeriet er no ferdig bygd. Restaurantlokala i andre etasjen på bryggjeriet er no tatt i bruk. Arbeidet med å sette i stand det gamle generalkonsulatet vart starta. Denne bygninga planlegg dei å nytta som kunstgalleri.

I løpet av 2013 vart det dessverre oppretta fleire politisaker i Barentsburg, mellom anna ei skuterulykke med personskade og ei alvorleg knivstikkingssak. Denne siste saka vart avgjort i retten som vart satt i Barentsburg.

2013 var eit spesielt tungt år for Barentsburg. Fyrst og fremst på grunn av tre alvorlege gruveulykker i strossa og i oppfaringa. To av desse var dødsulykker, medan den tredje ulykka medførte ei alvorleg personskade. Desse tapa av menneskeliv og den uvissa som dette skapte, har sett sine spor blant dei tilsette i Trust Arktikugol. Ulykkene førte til at Arbeidstilsynet i september 2013 stansa all drift i gruva fram til gruveselskapet hadde gjennomført dei naudsynte tiltaka for å ivareta tryggleiken, noko selskapet arbeidde mykje med heile hausten 2013. Arbeidstilsynet avvikla i slutten av desember vedtaket om arbeidsstans. Produksjonen var på 120 000 tonn kol i 2013. Kolet vart brukt til å dekkja energiverket sitt forbruk og til eksport til utlandet.



Etterforskning etter ei ulykke i gruva i Barentsburg. Bilete: Arild Lyssand/Sysselmannen på Svalbard

Moderniseringa av energiverket i Barentsburg held fram òg i 2013. Blant anna vart det installert eit nytt system for fjerning av støv. Trust Arktikugol har arbeida med utbetring av dei elektriske installasjonane og branntryggleiken på sine objekt.

På miljøvernfronten fortsette det positive samarbeidet mellom Sysselmannen og Trust Arktikugol òg i 2013. Særskilt nemnast felles synfaringar under Isfjordtoktet i sommar i samband med opprydding av forureining i Colesbukta og Barentsburg saman med representantar for Trust Arktikugol. Trusten sette i verk ei rekke tiltak i samband med opprydding av forureina grunn i Colesbukta og i Pyramiden. Store mengder metallskrot vart rydda og skipa ut frå både Pyramiden og Barentsburg. Trusten deltok i ein dugnad på Fuglefjella. Den blei arrangert av Sysselmannen. Målet var fjerning av etterlatenskaper frå tidlegare verksemd der. Trusten deltok som observatør i oljevernøving i Colesbukta. I samarbeid med Trust Arktikugol vart hundekjeks-førekosten fjerna i Barentsburg. Dette var eit tiltak innanfor rammene av handlingsplanen mot skadelege framande artar på Svalbard.

Det vart i 2013 arrangert seks ordinære kontaktmøter mellom Sysselmannen, leiinga i Trust Arktikugol og Russland sitt generalkonsulat. Dessutan vart det halde møter om spesielle saker, som for eksempel Arbeidstilsynet sitt vedtak om å stansa arbeidet i gruva. I tillegg til dette møtte Sysselmannen og representantar frå Barentsburg kvarandre i samband med nasjonale markeringar i både Barentsburg og i Longyearbyen.

I tillegg til tilsynsverksemd i regi av Sysselmannen, sjå punkt 2.1.2, fekk Barentsburg besøk av andre norske tilsynsorgan med bistand frå Sysselmannen. Her kan nemnast Bergmeisteren for Svalbard/Arbeidstilsynet, Miljødirektoratet, Mattilsynet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.

Sysselmannen sin rådgjevar/tolk hadde som vanleg fast kontordag i Barentsburg ein dag i månaden.

Polititenebestemenn og andre medarbeidarar frå Sysselmannen deltek på desse kontordagane. Hovudinntrykket er at folk i Barentsburg set stor pris på tilbodet og at det er fleire som nyttar seg av dette tilbodet enn i tidlegare år. I 2013 kom det ein heil del førespurnader om visum til Noreg. Talet klagar på høva i Barentsburg har halde seg på eit særst lågt nivå.

Hausten 2013 arrangerte Sysselmannen eit informasjonsmøte for alle innbyggjarane i Barentsburg. På dette møtet vart det gjeve informasjon om Svalbard og dei norske styresmaktene på Svalbard. Om lag 120-130 personar deltok. I tillegg til dette føregår den jamlege kontakten mellom Sysselmannen og Barentsburg-samfunnet ved hjelp av telefon og e-post.



Sysselmannen sin bil framfor kontoret til Trust Arktikugol i Barentsburg. Bilete: Arild Lyssand/Sysselmannen på Svalbard

Det vart arrangert eit miniseminar for reiselivsnæringa sine representantar i Barentsburg (Trust Arktikugol sitt ekspedisjonssenter «Grumant»). Assisterande sysselmann, reiselivsrådgjevar og kulturminnekonsulenten heldt foredrag for møtedeltakarane på dette seminaret.

Sysselmannen har hjelpt til med tolketeneste i samband med to kulturutvekslingar og tre idrettsutvekslingar. Slike tiltak bidreg til betre forståing og kontakt mellom dei ulike nasjonalitetane på Svalbard og vert sett stor pris på i både Barentsburg og Longyearbyen. Sysselmannen gjorde det mogleg for ein kvinnedelegasjon frå Barentsburg å delta på 100-årsmarkeringa av kvinnes røysterett i Noreg ved å stille transport og tolk til disposisjon.

Sysselmannen hjelpte Longyearbyen sjukehus fleire gonger med tolketeneste i løpet av året. Dette skjedde i samband med innlegging, handsaming og overføring til Tromsø av russiske og ukrainske statsborgarar frå Barentsburg og sjøfolk frå fiskefartøy ute i havet.

Sysselmannen sin tolk tok seg av ei stor mengd omsetjingsoppdrag for både Sysselmannen sine avdelingar og andre offentlege etatar.

Pyramiden

Trust Arktikugol opna hotell Tulipan i den nedlagde gruvebyen Pyramiden. Det er difor no to overnattingsstadar i Pyramiden. Talet overnattande turistar auka monaleg i 2013, samanlikna med tidlegare år.

I samband med utarbeidinga av arealplanen for Pyramiden føretok Sysselmannen registrering av arkeologiske kulturminner og av bygningsmassen i Pyramiden. Miljøvernavingdelinga hadde dessutan eit arbeidsmøte med Trust Arktikugol og ein felles synfaring i Barentsburg.

Hornsund

Sysselmannen har òg i 2013 hatt fleire turar til forskingsstasjonen i Hornsund. Dei tilsette ved stasjonen blir skifta ut etter same program som tidlegare år. 10 personar overvintrar på stasjonen. Om sommaren er det nokre gjesteforskarar ekstra. Stasjonen klarar seg framifrå sjølv og fungerer godt utan assistanse frå Sysselmannen.

2.1.5 Kommunikasjonsverksemd

Alle som jobbar hjå Sysselmannen driv kommunikasjonsverksemd på ulikt vis, og avdelingane har ansvar for kommunikasjon på sine fagområde. Sysselmannen får dagleg brev og telefonar frå inn- og utland, og forholdet til media synest godt.

Det har vore fleire hendingar som har skapt stor pågang frå media 2013, mellom anna:

- Besøk av H. M. Dronning Sonja frå 30. januar til 1. februar
- Dødsulykker i gruva i Barentsburg 4. april og 20. juni
- Knivstikking i Barentsburg 21. april
- To hendingar der isbjørn har blitt drept av turfolk på Sør-Spitsbergen i mars og april
- Drukningssulykke i Krossfjorden i juni

Kommunikasjonsverksemda hjå Sysselmannen har vore høgt prioritert i 2013 og vil vera det også i 2014. Sysselmannen si nettside vert oppdatert jamleg med nyhende og informasjon. Sommaren 2013 fekk nettsida ny utsjånad. Ved slutten av året hadde Sysselmannen sin Facebook-side 900 følgjarar.

2.2 Reiselivsforvaltning

Det totale volumet på reiselivsaktivitetane til og på Svalbard er relativt stabilt, med unntak av sterk auke i passasjerar som kom med oversjøiske cruiseskip sommaren 2012. I 2013 har dette talet gått noko ned igjen. Det vert forventa ein nedgang i passasjerar som kjem med oversjøiske cruiseskip frå og med 2015, når tungoljeforbodet for Magdalenefjorden og Ny-Ålesund trer i kraft.

Ekspedisjonscruisetrafikken og dagscruisetrafikken har auka dei siste to åra. I tillegg har det vore ein nedgang i tal feltdøgn med hundeslede sidan den største operatøren trappa ned på langturar med hund i 2010. Det har no kome ein ny aktør, og eit anna hundesledeføretak har skifta eigar, men tal feltdøgn med hund ligg framleis lågt jamføre 2009.

2.2.1 Inspeksjonar og synfaringar

Sysselmannen føretek jamlege inspeksjonar og kontrollar av korleis regelverket vert respektert av dei som dreg på turar på Svalbard.

Sysselmannen meiner det er viktig å vera synleg, vinter som sommar, både i nærmiljøet og i felt.

Sysselmannen utførte ein inspeksjonstur med ei tverrfagleg patrulje sett saman av politi, reiselivsrådgjevar og naturvernrådgjevar. I tillegg kjem feltinspektørtenesta og dei inspeksjonane som vart utført i samband med tokt med MS "Nordsyssel". I samband med desse inspeksjonane har det berre vore registrert mindre avvik.



Inspeksjon av turistar. Skigåarane på bilete hadde alt i orden. Bilete: Elin M. Lien/Sysselmannen på Svalbard

2.2.2 Kontakt med reiselivet

Sysselmannen hadde "politiet sin time" i forkant av skutersesongen i mars. Dette er eit årleg møte der politiet og reiselivsrådgjevar har høve til å bli kjent med dei guidane som til dagleg er i felt med turistar og gjer dei merksame på ansvaret dei har, og på korleis Sysselmannen ynskjer at dei skal handtera hendingar.

I tillegg til dette har reiselivsrådgjevar jamleg kontakt med Svalbard Reiseliv og dei ulike turoperatørane gjennom året. Ekspedisjonsleiarane frå ekspedisjonscruiseoperatørane er som regel innom sysselmannskontoret for eit kort møte med reiselivsrådgjevar i forkant av sesongen. Det same gjeld nye turoperatørar. Det vart òg halde to slike møter om bord på to av ekspedisjonscruiseskipa i 2013.

Reiselivsrådgjevar er observatør i styringsgruppa til Svalbard Reiseliv i prosjektet for masterplanen «Svalbard 2025» og prosjektet «Bærekraftig reisemål».

2.3 Oppretthalding av norske samfunn på øygruppa

På Svalbard er det to norske busetnader, Longyearbyen og Ny-Ålesund. I tillegg er det to meteorologiske stasjonar, på Hopen og Bjørnøya. I følge Svalbard skattekontor var det ved årsskiftet registrert ein busett på Isfjord Radio, ein overnattingsstad for turistar. I følge Svalbard skattekontor var det òg registrert ein busett på kvar av dei fire fangststasjonane; Kapp Wijk, Akseløya, Kapp Schollin og Farmhamna.

Sveagruva er ingen permanent busetnad, men ein mellombels "anleggsstad". Dei som har sin arbeidsplass i Sveagruva, Svea Nord eller Lunckefjell, pendlar til Longyearbyen eller fastlandet. Store Norske Spitsbergen Kulkompani opplyser at det i gjennomsnitt har vore 208 personar innkvartert i Sveagruva i 2013.

Det er 47 færre folkeregistrert i Longyearbyen ved utgangen av 2013 enn ved utgangen av 2012. Dei som bur på Hopen og Bjørnøya vert ikkje registrert i befolkningsregisteret, fordi dei har halvårsengasjement. Studentar, sesongarbeidarar og andre som bur på Svalbard under seks månader, vert heller ikkje med i folketalet.

Barentsburg hadde 419 innbyggjarar ved slutten av året, i følge Trust Arktikugol. På den polske forskingsstasjonen i Hornsund overvintrar 10 personar sesongen 2013/2014.



Tabell 1. Folketal i busetnader på Svalbard

| Stad | Folketal 31.12.2010 | Folketal 31.12.2011 | Folketal 31.12.2012 | Folketal 31.12.2013 |
|--|----------------------------|---------------------------|------------------------|------------------------|
| Longyearbyen | 1966 | 2063 | 2090 | 2043 |
| Barentsburg | Ca. 370 | Ca. 380 | 471 | 419 |
| Ny-Ålesund | 37 | 38 | 38 | 34 |
| Hornsund (Polish Polar Station) | 7 | 9 | 9 | 10 |
| Sveagruva (pendler til LYB/fastlandet) | 1 (ca. 225 i gjennomsnitt) | 1 (ca 185 i gjennomsnitt) | 2 (212 i gjennomsnitt) | 0 (208 i gjennomsnitt) |
| Hopen radio | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Bjørnøya Radio | 9 | 9 | 9 | 9 |
| Kapp Wijk | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Akseløya | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Isfjord radio | 0 | 4 | 3 | 1 |
| Kapp Schollin | 0 | 1 | 1 | 1 |
| Farmhamna | | | | 1 |

2.3.1 Samarbeidet med Longyearbyen lokalstyre

Som føregående år har Sysselmannen òg i 2013 gjennomført eit kontaktmøte med Longyearbyen lokalstyre. I tillegg har det vore avvikla fleire møte mellom sakshandsamarar som diskuterer konkrete saker. Det har òg vore samarbeid om ryddedugnad i Longyearbyen, sjå punkt 4.5.4, og om planverk for oppretting og drift av evakuerte- og pårørandesenter, sjå punkt 3.1. Vi opplev at det er eit godt samarbeid mellom Sysselmannen og Longyearbyen lokalstyre.

2.3.2 Kontakt med Ny-Ålesund

Sysselmannen si feltinspektørtjeneste har i sommarhalvåret tett kontakt med busetnaden i Ny-Ålesund, og Sysselmannen har god dialog med King Bay AS.

2.4 Etterforsking og påtalearbeid

Straffesaksavviklinga viser at 2013 har vore eit år på det jamne. Det har vore ei svak auke i talet på straffesaker frå 93 i 2012 til 115 i 2013. Som tidlegare år handsamar Sysselmannen om lag 100 saker i året. Tal saker som er oppklara var på 44,4 prosent for lovbrøt og 85,3 prosent for misferd.

Vi har hatt ei auke i talet på voldssaker frå ei til ni, men på grunn av det låge sakstalet må det påreknas slike variasjonar frå år til år sjølv om det prosentvis gjer store utslag. Vi har hatt ein liten nedgang i talet på trafikkaker - frå 18 i 2012 til 13 i 2013. Etersom Sysselmannen har hatt fokus på mellom anna å halda promillekontrollar er det positivt å sjå at talet på saker har gått ned. Vidare har oppklæringsprosenten auka for straffesaker og vinningskriminalitet. Det er positivt, sjølv om det òg for desse tala vil vera mindre variasjonar frå år til år. Etterforskningsarbeidet i 2012/2013 har vore prega av gruveulykkene i Barentsburg og Svea. Dei to dødsfalla i gruva i Barentsburg våren og sommaren 2013 har vore krevjande å etterforske.

Tabell 2. Oversikt over type straffesaker og reaksjonar på Svalbard 2003-2013

| | | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|-------------------|-----------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|-----------|-----------|------------|-----------|------------|
| Straffesaker | Økonomi | 5 | 5 | 2 | 3 | 6 | 1 | 1 | 2 | 5 | 2 | 2 |
| | Vinning | 46 | 63 | 38 | 26 | 29 | 39 | 15 | 23 | 21 | 28 | 28 |
| | Vold | 2 | 9 | 3 | 7 | 3 | 6 | 0 | 4 | 8 | 1 | 9 |
| | Sedskap | | | | | 2 | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 |
| | Narkotika | 2 | 1 | 1 | 2 | 1 | 2 | 0 | 3 | 23 | 3 | 2 |
| | Skadeverk | 2 | 9 | 6 | 10 | 1 | 3 | 3 | 6 | 1 | 6 | 4 |
| | Miljø | 5 | 6 | 6 | 10 | 5 | 9 | 5 | 7 | 6 | 9 | 14 |
| | Arbeidsmiljø | 2 | 4 | 8 | 4 | 0 | 10 | 3 | 2 | 1 | 5 | 6 |
| | Trafikk | 14 | 12 | 15 | 13 | 18 | 18 | 17 | 13 | 19 | 18 | 13 |
| | Svalbardlovgjevningen | 2 | 7 | 7 | 13 | 7 | 16 | 11 | 7 | 6 | 7 | 14 |
| | Anna | 12 | 22 | 17 | 27 | 21 | 23 | 27 | 20 | 16 | 12 | 12 |
| | Undersøk.sak | 10 | 13 | 8 | 10 | 13 | 12 | 10 | 10 | 11 | 9 | 10 |
| | Totalt | 102 | 151 | 111 | 125 | 106 | 140 | 92 | 90 | 112 | 93 | 115 |
| Straffereaksjonar | Førelegg | 11 | 23 | 24 | 24 | 23 | 33 | 29 | 26 | 23 | 29 | 32 |
| | Dommar | 8 | 14 | 6 | 10 | 11 | 10 | 11 | 4 | 30 | 12 | 5 |
| | Konfliktråd | | | | | 1 | 3 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 |

2.4.1 Sivil rettspleie

I 2013 vart det registrert 59 saker etter tvangsfullbyringslova mot 58 saker i 2012. Det vart registrert 24 forliksklager i 2013, mot 26 i 2012. Talet på forkynningar knytte til den sivile rettspleia har gått ned frå 45 saker i 2012 til 42 i 2013.


2.5 Andre offentlege oppgåver

2.5.1 Våpensøknadar

I 2013 handsama Sysselmannen 355 søknadar om erverv av våpen og 403 søknadar om leige av våpen. Tala for 2012 var til samanlikning 311 og 316.

2.5.2 Visum og utlendingssaker

I 2013 handsama Sysselmannen 244 visumsøknadar, mot 284 i 2012. 28 av søknadane i 2013 gjaldt visum til turistar som trengte ei ekstra innreise til Schengen. Dei fleste andre visumsøknadane var frå fastbuande på Svalbard. Sysselmannen fekk ni søknadar om opphaldsløyve i Norge. Søknadane gjaldt familieinnvandring, arbeidsinnvandring, studieopphald og statsborgarskap. Tilsvarande tal for 2012 var 12. Sysselmannen registrerte desse søknadane i sakshandsamingssystemet NORVIS og sendte dei til Utlendingsdirektoratet (UDI) for vedtak. Ein fastbuande på Svalbard fekk norsk statsborgarskap i 2013.



2.5.3 Pass

Sysselmannen stødde ut 262 pass i 2013 mot 274 i 2012.

2.5.4 Skranken

Det er mange som oppsøker Sysselmannen dagleg. Nokon ynskjer signering på skjema for refusjon av meirverdiavgift eller bistand frå trafikkstasjonen. I tillegg kjem mellom anna ein del turistar som ynskjer generell informasjon og fastbuande som har ærend knytt til jakt, fiske, våpen og ferdsel.

2.5.5 Vigsler og skilsmisser

Det er mange som vil gifta seg på Svalbard og i 2013 har 32 par gifta seg hjå Sysselmannen. Dei fleste er tilreisande par, men og fastbuande giftar seg hjå Sysselmannen. I 2013 vart det innvilga tre skilsmisser og det vart tatt ut fire separasjonar.


2.5.6 Notarius publicus

Sysselmannen på Svalbard har i 2013 utført fire notarialstadfestingar.

2.5.7 Servicekontor for Statens vegvesen

Trafikkstasjonen på Svalbard er administrativt og fagleg lagt under Tromsø trafikkstasjon, men har sjølvstendig ansvar for alle nyregistreringar og omregistreringar av køyretøy som kjem frå fastlandet og utlandet. I tillegg handsamar Sysselmannen eigarskiftemeldingar, avregistreringar og registreringar i samband med mellombels køyreløyve på fastlandet ved ferie.

I 2013 vart det registrert 85 bilar og 204 snøskuterar ved trafikkstasjonen. Desse tala er basert på tal utleverte kjennemerke og inneber òg bruktimport frå utlandet og tidlegare fastlandsregistrerte køyretøy som er tekne opp til Svalbard.



Sysselmannen førebur og vidaresender førarkortsaker til Tromsø trafikkstasjon for handsaming. Dette inneber mottak av søknadar og fotografering til førarkort. I tillegg kan ein ta teoriprøve hjå Sysselmannen. I 2013 vart 109 førarkortsaker handsama, og 52 teoriprøver vart avlagt.

2.5.8 Forvaltning av alkoholordninga på Svalbard

Sysselmannen på Svalbard har ansvar for tildeling av skjenkeløyve utanfor Longyearbyen planområde. I tillegg har vi ansvar for søknadar om import av alkohol, samt representasjonskvoter og andre alkoholløyve utanfor Longyearbyen planområde. Sysselmannen har òg ansvar for å dela ut alkoholkort til alle personar i dei norske busetnadane som etter alkoholordninga på Svalbard har rett til alkoholkvote.

I 2013 godkjente Sysselmannen 32 skjenkeløyve, dei fleste av desse til cruiseskip som har aktivitet i Svalbard sitt farvatn i sommarsesongen. I tillegg vart det gjeve løyve til 11 representasjonskvoter for verksemdar og institusjonar på Svalbard og 25 løyve til import av alkohol. Sysselmannen tildelte 2411 alkoholkort i 2013.

Tabell 3. Arbeidet med alkoholordninga 2006-2013

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Alkoholkort | 2 447 | 2 556 | 2 589 | 2 667 | 2 265 | 2 414 | 2 474 | 2 411 |
| Alkoholsøknadar | 93 | 131 | 132 | 142 | 88 | 76 | 78 | 68 |

Sysselmannen har òg hatt 89 søknadar om skjenkeløyve for enkelthendingar og/eller søknad om kjøp av alkohol til uttale. Desse søknadane handsames av Longyearbyen lokalstyre etter delegasjon frå Sysselmannen.

3 Samfunnstryggleik og beredskap

Sysselmannen er både politimeister og fylkesmann. Vi har difor ei sentral rolle både i å førebyggja og handtera ikkje ønska hendingar. Som fylkesmann skal Sysselmannen ivareta rolla som pådrivar og vegleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

I 2013 utarbeida Sysselmannen ei ny risiko- og sårbarheitsanalyse for Svalbard. Dokumentet gjer greie for eit utval risikoområde innanfor hovudkategoriane naturhendingar, store ulykker og alvorlege tilsikta hendingar. Analysen er utarbeida i samarbeid med lokale beredskapsaktørar på Svalbard (beredskapsrådet for Svalbard) og dannar grunnlag for revisjon og vidareutvikling av eit heilskapleg beredskapsplanverk. Ein offentleg versjon av analysen er tilgjengeleg på Sysselmannen si nettside. Fleire av dei tiltaka som vert foreslått i analysen er følgt opp og gjennomført i 2013, andre tiltak er laupande.



Øg i 2013 har Sysselmannen gjennomført og/eller delteke i fleire samvirkeøvingar, mellom anna bre- og skredøvingar, flyhavariøvingar i Svea og på Svalbard Lufthamn, oljevernøving i Colesbukta og polititaktiske øvingar.

3.1 Politiberedskap

Sysselmannen er politimeister på Svalbard, har same ansvar som politiet på fastlandet og er forsynt med innsatspersonell som går på beredskapsvakt i tråd med arbeidstidsreglane for politi- og lensmannsetaten og særtilpassingar for polititienestepersonar hjå Sysselmannen på Svalbard. Polititienestepersonane arbeider vanleg kontortid i vekedagane, og to har beredskapsvakt utanfor normalarbeidstida. Ved ekstraordinære hendingar etablerer sysselmannen stab for å støtte innsatspersonellet.

Politiavdelinga har i det alt vesentlege utført uniformert patruljeteneste i Longyearbyen kvar veke og i all hovudsak delteke på Sysselmannen sine månadlege kontordagar i Barentsburg. Gjennom året har det i tillegg vore satt opp uniformert patruljeteneste i samband med større arrangement i Longyearbyen. Med førebyggjande formål har politiavdelinga gjennomført oppsyn og kontrollar i felt i samband med helger med stor utfart.

I løpet av året registrerte Sysselmannen 446 meldingar i politiet sitt loggføringssystem, mot 450 i 2012. Seks personar vart sette i arrest i 2013. Det har vorte gjennomført fleire trafikkkontrollar i Longyearbyen, særleg med tanke på promillekøyring og køyreåtfærd. I løpet av året vart 365 førarar og køyretøy kontrollerte, dei fleste i samband med skuterkontrollar. Talet på kontrollerte er klårt lågare enn i 2012. Dette skuldast at vi i mindre grad enn før har prioritert å bruke overtid på promillekontrollar når guidane har bedt om det i forkant av at dei gjev råderetten over skutar til reisefølgjet. Sysselmannen minner om at eigar av motorvogn eller den som på eigaren sine vegne har råderett over motorvogna, pliktar å forvise seg om at den han/ho let bruke motorvogna, fyller vilkåra for å føre den. Sysselmannen registrerte sju saker med mistanke om promillekøyring (seks bilførarar og ein skuterførar), ein nedgang på to frå 2012.



¹ Unntatt dei dagane dei etter arbeidsplanen har beskytta fridagar (kompenserande kvile for reserveteneste utanfor normalarbeidstida).

² Vegtrafikklova § 17 andre ledd.

Sysselmannen sitt beredskapsplanverk er dynamisk; arbeidet med revisjon og vidareutvikling av planverket er ein pågåande aktivitet. I 2013 har Sysselmannen prioritert opplæring av eigne medarbeidarar og å ferdigstille planverket for registrering av evakuerte og pårørende, samt oppretting og handsaming av nasjonalt kontaktnummer for pårørende ved ekstraordinære hendingar og kriser. Sysselmannen samarbeider tett med Longyearbyen lokalstyre om planverk for oppretting og drift av evakuerte- og pårørandesenter.

Polititenestepersonane har gjennomført årlege vedlikehalds- og treningsprogram og godkjenningsskyting med tenestevåpen, i samsvar med nasjonale krav. Hausten 2013 vart det i tillegg sett av ei veke til trening og øving på såkalla skarpe aksjonar, med assistanse frå instruktørar frå beredskapstroppen i Oslo politidistrikt.

I samarbeid med polaravdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet har Sysselmannen starta arbeidet med å få etablert prosedyrar for politiasistans frå fastlandet ved akutte ekstraordinære hendingar.




Øving på skarp aksjon i Ny-Ålesund. Bilete: Lars Egil Mogård/NRK

3.2 Redningsteneste

Redningstenesta på Svalbard er organisert på same måte som på fastlandet. Sysselmannen er lokal redningsentral (LRS), underlagt Hovudredningssentralen (HRS) i Nord-Noreg og med ansvar for landbasert redning innanfor Sysselmannen sitt geografiske ansvarsområde. LRS støttar òg HRS med koordinering og ressursar i maritim redning. I 2013 koordinerte Sysselmannen 67 redningsoppdrag, som er ein nedgang frå året før, men på nivå med 2011.

Hovudredningssentralen i Nord-Noreg gjennomførte tilsyn med LRS Svalbard i november. Under tilsynet ga HRS gjennomgåande gode tilbakemeldingar. Tilsynsrapporten er venta å vera klar i månadsskiftet januar/februar.



3.3 Beredskap mot akutt forureining

Svalbard har eit lokalt utval mot akutt forureining (UA), som vert leia av Sysselmannen. Det er etablert ein depotstyrke på 20 personar, som til dagleg arbeider i Longyearbyen, Ny-Ålesund og Sveagruva. Oljevernutstyret, som er eigd av Kystverket, er plassert på dei tre nemnde stadene. Depotstyrken fører tilsyn med oljevernutstyret i Ny-Ålesund og Sveagruva. I Longyearbyen har driftsleiaren hjå Sysselmannen tilsynsansvaret. Depotstyrken har ikkje vaktordning.

I mars gjennomførte Kystverket opplæring og stabsøving for utvalet mot akutt forureining (UA) på Svalbard. I september gjennomførte Kystverket opplæring, gjennomgang av utstyr og øving for depotstyrken. Øvinga bygde på scenarioet frå stabsøvinga (utslepp av 200 m³ olje). Av sjøgåande kapasitetar deltok Sysselmannen sitt tenestefartøy, Kystvakta med to fartøy og lokale fartøy. Sysselmannen sin beredskapsplan mot akutt forureining vert revidert i lys av øvingane i 2013. I samband med dette har Sysselmannen tatt opp med Kystverket sårbarheita ved dei lokale ressursane si uthald.

3.4 Feltinspektørtenesta

Feltinspektørtenesta er viktig i Sysselmannen si oppsynsteneste. Feltinspektørane fører tilsyn mellom anna med båtar og individuelle reisande, i tillegg til å drive informasjon. Tilsynet har i første rekke eit førebyggjande formål og er samstundes eit verkemiddel for å oppretthalde og auke respekten for miljøregelverket. Feltinspektørtenesta vart gjennomført frå midten av juni til byrjinga av august med tre lag³, med basar i Isfjorden, Kongsfjorden og Nordvest-Spitsbergen.

Nytt av året var at Sysselmannen forlenga engasjementet for eitt lag til utgangen av september. Feltlaget førte hovudsakeleg oppsyn med reinsjakta i dei seks jaktområda, men kontrollerte òg nokre småviltjegerar i nærområda rundt Longyearbyen. Kontroll av fiskarar eller fiskereiskap vart ikkje prioritert. Sysselmannen ser at det kan vera trong for å vidareføre ordninga med jakt- og fiskeoppsyn, òg for å kunne vera til stades i felt og drive informasjon. Feltinspektørstillingane for 2014 er difor lyst ut med høve for forlenging i inntil to månader for eitt av engasjementa.



Feltinspektørar i Smeerenburgfjorden på Nordvest-Spitsbergen. Bilete: Espen Stokke/Sysselmannen på Svalbard

³ Kwart lag er sett saman av ein polititjenesteperson og ein tjenesteperson med naturfagleg bakgrunn.

4 Miljøforvaltning

4.1 Naturvern - sikring av den særeigne villmarka

I verneområda på Svalbard er utfordringa å utvikle gode strategiar for å jamvekta bruks- og verneinteresse innanfor ramma for verneformålet. I verneområda på Svalbard er det mange ulike former for bruk, som til dømes forskning, turisme, fiske- og fangstnæring, rekreasjon og friluftsliv. Dei ulike interessene må avvegast mot kvarandre, og dette kan vera utfordrande i handsaminga av enkeltsaker. Gode forvaltingsplanar skal bli eit viktig verktøy for dette. I 2013 starta vi arbeidet med å utforma ein forvaltingsplan for nasjonalparkane på vestsida av Spitsbergen.

Dette arbeidet vil følgje same organisering som arbeidet med forvaltningsplanen for naturreservata på Aust-Svalbard. Arbeidet er peika ut som særleg viktig av Miljøverndepartementet. I 2013 har arbeidet gått etter framdriftsplanen, som inneber at det skal sendas ut eit forslag til plan på offentleg høyring våren 2015.

Det er eit politisk mål å halda ved like utstrekninga av villmarksprega område på Svalbard. Både ønske om å byggja forskingsstasjonar i urørt villmark, feltarbeid med omfattande helikopterbruk, nye område med kolutvinning og langvarig leiteverksemd etter kol, samt nye ønske for skuterturisme representerer brukarinteresser som står i konflikt med dette målet. Desse sakene blir handsama etter svalbardmiljølova og i lys av dei føringane som er gjevne i svalbardmeldinga.

4.2 Kulturminnevern

4.2.1 Ettersyn og dokumentasjon


Arbeid med ettersyn av kulturminne er i hovudsak knytt til Sysselmannen sine tokt med MS «Nordsyssel» og feltinspektørenesta. Kva kulturminne som skal synfarast og følgjast opp, er skildra i Kulturminneplan for Svalbard 2013-2023. Vi har utført større og mindre reperasjonar og sikringsarbeid under synfaringane. Dette er hovudsakleg arbeid som er knytt til skadar etter isbjørn, eller som ein konsekvens av ein usedvanleg regntung sommar.

Dokumentasjon av freda fangsthytter er vidareført, og i 2013 vart fangsthytter ved Hornsund og Van Keulenfjorden dokumenterte. Den endelege rapporten er ferdig våren 2014.

Arbeidet med oppdatering og kvalitetssikring av Riksantikvaren sin nasjonale database for faste kulturminne, Askeladden, har vore prioritert. 131 nye lokalitetar med til saman 565 enkeltminne er registrert sidan 1.1.2012. 589 lokalitetar er endra, og 1306 enkeltminne har fått endra kartfesting eller vorte oppdaterte med tilleggsopplysingar.

Arkivet med papirrapportar frå perioden 1955-2000 er no digitalisert. PDF-filer er lagt inn i Askeladden.

Arbeidet med å digitalisere og tekste gamle kulturminnebilete er vidareført og er planlagt slutført i 2014.



Ismåke som er ein sårbar art. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselmannen på Svalbard



Synfaring i Pyramiden. Bilete: Hans Olav Stegarud/Sysselmannen på Svalbard

Det vart gjennomført arkeologisk registrering av planområdet i Pyramiden.

I desember vart Sysselmannen sitt temahefte «Longyearbyen, fra company town til moderne by», skrive av Per Kyrre Reymert, lansert i forskingsparken i Longyearbyen.

4.2.2 Istandsetting

Fleire automatisk freda kulturminne er restaurert eller sett i stand, jamføre prioriteringar i Kulturminneplan for Svalbard 2013-2023. Dei viktigaste arbeida har vore etterarbeid i samband med attreisinga av lemhytta i Brucebyen, samt å fullføre påbyrja arbeid på freda kulturminne i Hornsund, Hiorthhamn, Calypsobyen, Brucebyen og Fredheim.

I tillegg er det gjort mindre utskiftingar, reparasjonar og tilsyn på en rekke freda hytter. På Kapp Koburg på Kongsøya vart det

til dømes sett inn eit nyreparert vindaug, samt skifta undertak, sperrer og takpapp på sidebygg mot nord. Dette arbeidet vart gjort i samband med rundtoktet.

Sørleg del av Gruvelageret i Sverdrupbyen vart attoppført og restane av den opphavlege bygningskroppen vart antikvarfagleg restaurert utvendig. Bygningen, som er i privat eige, skal etter planen stå ferdig i 2014.

I Ny-Ålesund har Kings Bay AS gjort større antikvarfaglege istandsettingar av Museet, Telegrafan og London 2. Arbeidet har vore i

samarbeid med Sysselmannen og Riksantikvaren.

I oktober vart ein kopi av korset ved Svenskhuset på Kapp Thorsden i Isfjorden sett opp der det opphavlege korset sto. Utforminga av korset var eit samarbeid mellom Svalbard Museum og Sysselmannen.

4.2.3 Verneplanar

Kulturminneplan for Svalbard 2013-2023 vart godkjent og overrekt miljøvernminister Bård Vegar Solhjell i mai.

4.2.4 Kulturminne i plan- og byggesaker

Trust Arktikugol byrja arbeidet med arealplan for Pyramiden. Sysselmannen er planmyndigheit og har gjennomført arkeologiske registreringar, samt ei registrering av kulturhistorisk verdifulle bygningar, andre objekt og tekniske installasjonar.

Sysselmannen har handsama 71 grave- og boremeldingar i Longyearbyen. Det er sendt inn ni søknadar om dispensasjon for inngrep i freda kulturminne eller i deira sikringsone til Riksantikvaren.

4.2.5 Tap av kulturminne

Jamføre nasjonal politikk for kulturminna på Svalbard, skal tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg aktivitet vera lågast mogeleg. Målet er mindre enn 0,1 % årleg tap av kulturminne. Sysselmannen har ikkje høve til å etterprøva målsetjinga, men erfarer at tapet ligg på eit akseptabelt nivå dei fleste åra.



Arbeid med skifte av tak på Kapp Koburg på Kongsøya. Bilete: Hans Olav Stegarud/Sysselmannen på Svalbard



Det nye korset ved Svenskhuset. Bilete: Hans Olav Stegarud/Sysselmannen på Svalbard

4.2.6 Kulturhistorisk magasin og konservering

Det har vore ein tilvekst på 144 objekt i gjenstandsmagasinet ved Svalbard Museum. 213 objekt vart katalogisert. 120 objekt vart konserverert. Gjenstandane i museet vert publisert på www.digitaltmuseum.no.



4.3 Artsforvaltning og isbjørnepisodar

4.3.1 Isbjørn

I 2013 vart det i politiet sin vaktjournal registrert totalt 19 meldingar om isbjørn kring busetnadar og forskingsstasjonar. 14 av desse meldingane har med sikkerheit omhandla observasjonar av isbjørn, medan det i fem av meldingane ikkje har vore mogeleg å dokumentera isbjørn korkje med spor eller bilete. Ved 11 av meldingane har Sysselmannen rykka ut med helikopter og/eller snøskuter og bil.

Det har vore fem meldingar om isbjørn i nærleiken av Longyearbyen (mindre enn tre kilometer frå sentrum). Av desse er det berre ein som er dokumentert med sporobservasjon og foto.

I 2013 har tre isbjørnar døydd etter menneskelege inngrep. To av desse vart skotne i nødverje: Ein då han prøvde å bryte seg inn i ei hytte og ein annan då han nærma seg to skigåarar. Den tredje isbjørnen døyde då han vart bedøvd av forskarar.



Eit TV-produksjonsselskap fekk 50 000 kroner i brotsgebyr for brot på svalbardmiljølova ved filming av isbjørn.

4.3.2 Framande skadelege artar

Ein handlingsplan mot framande artar som kan skade naturen på Svalbard, er utforma og sendt på høyring (sjå biletet til høgre). I sommar vart det gjennomført fjerning av hundekjeks i Barentsburg. Hundekjeks er ein av artane som forskarane meiner kan spreie seg og skade til dømes fuglefjella.

4.3.3 Jakt og fiske



Sysselmannen forvaltar jakt, fangst og fiske, som er ein populær fritidsaktivitet for lokalbefolkninga på Svalbard. Sysselmannen har ikkje grunn til å tru at uttaket påverkar samansetjinga og utviklinga av førekomstane nemneverdig, og vurderer at haustinga er innanfor lova. Det vart i 2013 innført elektronisk jegerprøveeksamen, og 42 kandidatar stod til eksamen dette året.



Svalbardrein


Løyve til reinsdyrjakt blir tildelt etter søknad i seks jaktområde. Fellingsløyve vert berre gitt til fastbuande. I 2013 vart det skote 197 reinsdyr under den ordinere jakta. Fritidsjakta har vore relativt stabil med fellingstal i underkant av 200 reinsdyr per år dei siste 10 åra. I tillegg tok fangstfolka ut 51 reinsdyr i løpet av fangstsesongen 2012/2013. Fangstfolk blir gjeve løyve til å felle fem matrein i tillegg til ein kommersiell reinskvote på inntil 20 dyr kvar. I nærområda til Longyearbyen vart det felt åtte dyr etter tildeling til skule, Longyearbyen Jeger- og Fiskerforening og barnehagar.

Sysselmannen gjennomfører kvart år helicopterteljing av rein i jaktområda. I 2013 vart det registrert 2235 dyr totalt og relativt få kadaver i terrenget. Det vart òg talt reinsdyr i fangstområda Bellsund, Farmhamna, Kapp Wijk og Austfjordnes.




Fjellrev

Fangst av fjellrev er øyremerkt fastbuande. Fangstløyve vert gitt etter søknad og loddtrekking. Fangsten skjer innanfor 25 fastlagde område. Det vart gjennomført eit revefangstkurs i forkant av fangstsesongen. For å sikre momentan avliving er det innført krav om årleg kontroll av konstruksjon og slagkraft til fellene. Sysselmannen gjennomfører denne kontrollen. Totalt vart det fangsta 149 fjellrev sesongen 2012/2013. Av desse vart 32 revar tekne av fangstfolk.




Røye

Det vart i 2013 løyst 225 fiskekort på Svalbard. Det vart løyst 160 kort for fiske med handreiskap og 65 for fiske med garn. Garnfiske er atterhaldt fastbuande. Rapporteringsgraden per 13.1.2014 ligg på om lag 85%. Dette syner at tiltaka som er sett i verk for å betre rapporteringa har god verknad, og er truleg årsaka til auka i talet på røyefangsten. Ein stor del av røyene vert tekne i saltvatn på garn, og 358 fisk vart rapportert fanga i sjøen. Av desse vart 195 røyer tatt av fangstfolk. Eit elektronisk system for å søkja om fiskekort og rapportera om fangsten er prøva ut og blir teken i bruk frå 2014.




Sel

Ringsel og storkobbe er dei to haustbare selartane på Svalbard. Det vart løyst 50 seljakkkort i 2013. Talet på løyste kort har vore i denne storleiken dei siste 10 åra. Høvesvis 62 ringselar og 33 storkobbar vart felt i 2013, av desse vart 15 ringselar og 24 storkobbar felt av fangstfolk.



Småvilt

Det vart i 2013 løyst 257 småviltkort for Svalbard. Per 15.1.2014 mangla fangstrapport frå 72 jegerar. Jaktkort for småvilt omfattar rype, kortnebbgås, teist og havhest. Rypejakta er den mest populære jakta og den småviltarten det blir felt flest av. Omkring 400 ryper vart felt av fangstfolk i 2013.



4.4 Arealforvaltning

4.4.1 Arealplanar

Sysselmannen har etablert eit digitalt planregister som gjer arbeidet med arealplanar enklare både for tiltakshavarar, planansvarlege og styresmakter.

I 2013 er det vedteke fleire delplanar innanfor Longyearbyen planområde. Det er starta opp fleire delplanprosessar i Longyearbyen. Dei vil truleg verte ferdigstilte i 2014. I Barentsburg har delplan for marin forskingsstasjon og delplan for geofysisk forskingsstasjon blitt vedteke i 2013. Arealplan for Pyramiden vart lagt ut til offentleg ettersyn på slutten av 2013 og er forventa ferdigstilt i 2014. I Pyramiden har det ikkje tidlegare vore arealplan.

I planområda har det òg vore ei rekke meldepliktige og søknadspliktige tiltak i 2013.

4.4.2 Konsekvensutgreiingar

Det er ingen tiltak som har utløyst krav om særskilt konsekvensutgreiing etter svalbardmiljølova § 59 i 2013. Det har vore fleire saker til vurdering, men Sysselmannen har konkludert med at konsekvensutgreiing ikkje var naudsynt.

4.4.3 Kolgruvedrift

Sysselmannen har gjennomført fleire tilsyn med drifta i Sveagruva og anlegget til Store Norske si nye kolgruve i Lunckefjell. Vi har vidare fastsett eit program for miljøovervaking av området knytt til drifta av gruva.

Sysselmannen har òg hjelpt til i Miljødirektoratet sitt arbeid med å få på plass eit løyve for drifta av Gruve 7 i Longyearbyen.



Bygging av veg over Marthabreen. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselmannen på Svalbard

4.5 Forureining

4.5.1 Akutte utslepp

Det vart ikkje registrert større akutte utslepp i 2013. Oppfølging av arbeid etter eit større utslepp av diesel ved Isfjord Radio haust-vinter 2011/2012 har halde fram. Det vert stadig gjennomført opprydding i forureiningar frå tidlegare verksemd.

4.5.2 Forureina grunn

Pyramiden og Colesbukta

Sysselemanden har i 2013 lagt vekt på å følgje opp pålegg om tiltak i forureina grunn i Pyramiden og Colesbukta. Tildekking av eit større område med forureina grunn nedstrøms tankanlegget i Pyramiden er no ferdigstilt, synfara og godkjent av Sysselemanden. Eit tilsvarande område i Colesbukta er rapportert ferdig gjennomført.



Forureina grunn i Colesbukta - før tiltak. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselemanden på Svalbard



Forureina grunn i Pyramiden - etter tiltak. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselemanden på Svalbard


Longyearbyen

Sysselemanden har tidlegare gjeve pålegg om grunnundersøkingar og om at det skal utformast ein tiltaksplan for graving i forureina masse ved Hotellneset ved Longyearbyen. Tiltaksplanen for handtering av den forureina grunnen og disponering av dei forureina massane vart sidan godkjent av Sysselemanden.


4.5.3 Strandrydding

Det vart gjennomført eit vellukka strandryddingstokt i samarbeid med 22 frivillige frå Svalbard. Det vart rydda 155 kubikkmeter med søppel på nordsida av øygruppa.

I vekt og volum er det hovudsakleg fiskerinæringa som er opphav til søppelet. Det vart avdekt leire synlege spor etter dyretragediar. Desse skuldast i hovudsak reinsdyr som går geviret fast i tauverk og nøter.



Reinsdyr som har gått seg saman i garnrestar. Desse vart hjelpte laus. Bilete: Sveinung Råheim/ Sysselemanden på Svalbard



Område rydda for søppel frå 2001 og fram til i dag. Raud markering er frå 2013. Kartgrunnlag: Norsk Polarinstitut

Det er òg rydda strandsøppel under andre tokt og aktivitetar i regi av Sysselmannen og feltinspektørane. Turistnæringa ryddar strender i regi av prosjektet *Clean Up Svalbard*.

Under det årlege rundtoktet med Sysselmannen sitt tenestefartøy og i samband med anna aktivitet blir områda rundt Svalbard òg kartlagt for strandsøppel. Dette kjem seinare til nytte som grunnlag for planlegging av kommande ryddetokt.



Typisk forsøpla strand på 80° nord i Rijpfjorden på Nordaustlandet. Bilete: Trond Espen Haug/ Sysselmannen på Svalbard



«Storfangst». Bilete: Trond Espen Haug/ Sysselmannen på Svalbard

4.5.4 Opprydding

Sysselmannen har arbeida med fleire oppryddingsprosjekt knytt til tidlegare gruiveverksemd, mellom anna i gruiveområda i Ny-Ålesund, Longyearbyen og på Fuglefjella.

Ny-Ålesund

Sysselmannen har avslutta oppfølginga av *Helhetlig plan for miljøtiltak i gruiveområdet i Ny-Ålesund (Kings Bay)*, jamfør Sysselmannen sin rapport nr. 2/1999. Det skal no gjerast opp ny status for området, og det skal avgjerast kva som eventuelt skal og bør gjerast vidare.

Longyearbyen

Eit fleirårleg ryddeprosjekt i Longyearbyen er avslutta. Prosjektet har vore eit samarbeid med Store Norske om opprydding i skrapgods frå tidlegare gruiveverksemd i området.

Fuglefjella


Sysselmannen har gjennomført ein ryddedugnad på Fuglefjella med folk frå både Barentsburg og Longyearbyen. Det vart lagt vekt på å rydde i skrapgods som dyr kunne gå seg fast i, slik som kabel og vaier. Dugnaden resulterte i 3,8 tonn innsamla skrot.



Slik så gruiveområdet i Ny-Ålesund ut i 2013. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselmannen på Svalbard



Dyretreagedie frå området på Fuglefjella som nå er rydda. Bilete: Trond Espen Haug/Sysselmannen på Svalbard



Det markerte området vart rydda under dugnaden i 2013. Kartgrunnlag: Norsk Polarinstitutt

By-dugnad

I juni arrangerte Sysselmannen i samarbeid med Bydrift, Store Norske Spitsbergen Kulkompani og LNS Spitsbergen den årlege ryddedugnaden i Longyearbyen. Bydrift hadde utvida opningstidene på avfallsanlegget, og Store Norske og LNS stilte med køyretøy som kunne hjelpe til med transport og handtering. Det vart i 2013 lagt særleg vekt på å få samla inn utrangerte skuterar og bilar.

4.5.5 Tilsyn

Sysselmannen har i løpet av året gjennomført ei rekke forureiningsrelaterte tilsyn. Det er mellom anna gjennomført tilsyn med tiltak etter utsleppet ved Isfjord Radio, drivstoffdepot, pågåande oppryddingstiltak i Colesbukta, Pyramiden og i Ny-Ålesund, og i tillegg oppfølging av avfallshandtering i fleire busetnader.

4.5.6 Rammer og retningslinjer

Det er lagt opp til at miljøregelverket på Svalbard gjennomgåande skal vera meir restriktivt enn tilsvarande forureiningsrelatert regelverk på fastlandet. Regelverket som gjeld på Svalbard, er likevel rimeleg kortfatta og overordna i si form og kan i enkelte saker vera noko mangelfullt.

Det er nyleg gjennomført endringar i både lov og forskrift som betrar situasjonen. Sysselmannen har vidare starta ein langsiktig prosess for å gjennomføra ein gjennomgang av alt forureiningsrelatert regelverk med sikte på at dette betre vert tilpassa situasjonen på Svalbard.

Sysselmannen har òg lagt vekt på utvikling av interne retningslinjer for å handtera ulike forureiningsrelaterte saker.

4.6 Løyver til forskning og film

Forskningsaktivitet som inneber inngrep, handtering av dyr, ferdsel og leiropphald er søknadspliktig etter svalbardmiljølova. Det er eit mål å redusere miljøbelastninga frå denne aktiviteten gjennom koordinering og samarbeid mellom forskarar og institusjonar. Sysselmannen handterer søknadar om forskning, feltarbeid og filmprosjekt som krev dispensasjon frå svalbardmiljølova og verneforskrifter. Omkring 145 forskingssøknadar vart handtert i 2013. Totalt har miljøvernavingdelinga handtert om lag 277 saker i 2013.

4.7 Motorferdsel

4.7.1 Snøskuter

Fastbuande kan køyre snøskuter fritt i størstedelen av Spitsbergen, med unntak av delar av Nordaust-Svalbard naturreservat som strekk seg inn på Ny-Friesland og Olav V Land heilt nordaust på Spitsbergen, samt at i dei tre nasjonalparkane Nordvest-Spitsbergen, Forlandet og Sør-Spitsbergen må fastbuande søkje om dispensasjon hjå Sysselmannen før turen.

På grunn av manglande sjøis i 2012 var det særskilt få søknadar frå fastbuande om skuterkøyring i

dei tre store nasjonalparkane på vestsida av Spitsbergen det året. I 2013 var det igjen noko ferdsel i desse områda, men den generelle trenden ser ut til å vera at nokre færre dreg på slike langturar no enn før.

Tilreisande turistar har eit noko mindre område kor dei kan køyre snøskuter fritt. Desse må halde seg innanfor det såkalla forvaltingsområde 10, som strekkjer seg frå Dicksonfjorden i nord til Sveagruva i sør og Isfjord radio i vest.





Skuterkøyring i dette området har vi ikkje tal på. Sysselmannen byrja i 2011 å lage oversyn over talet på skituristar som vert transportert ut til område utanfor forvaltningsområde 10. Dette er transportar som turoperatørane søkjer Sysselmannen om løyve til. Det har over desse tre åra vore ein reduksjon i talet på skituristar som dreg på slike turar.

Mengda av dispensasjonar til tidlegare fastbuande til køyring utanfor forvaltingsområde 10 auka noko frå 2012 til 2013, men utgjer ei lita mengd totalt. Miljøverndepartementet har gjort ei endring i motorferdsleforskrifta med verknad frå 1.1.2014, slik at tidlegare fastbuande ikkje lenger kan få slikt løyve.

4.7.2 Helikopter


Sysselmannen har statistikk for dei fleste av helikopterlandingane på Svalbard i 2013. Det er berre landingar frå Trust Arktikugol i Pyramiden og Bergmeisteren for Svalbard som ikkje er med.

Dei fleste landingane i 2013 er rundt Longyearbyen og Sveagruva. Størstedelen av desse landingane er knytt til kolgruveverksemd og Store Norske si leiteboring i Operafjellet, Ispallen og i Rindersbukta. Det er monaleg fleire landingar knytt til gruvedrift i 2013 enn det var i 2012. Det kjem truleg av at Store Norske reduserte helikopterflyginga på grunn av stram økonomi i 2012.





Diagrammet på sida framfor viser landingar fordelt på føremål frå 2011 til 2013. I kategorien *samfunn* inngår redning, ambulanse, Sysselmannen si flyging, AVINOR, Telenor, Kartverket, Meteorologisk institutt, landingar i samband med filmoppdrag og Norsk Polarinstitutt si fyrteneste.

Kartet under viser landingar innanfor 10 kilometerruter på Svalbard i 2013.



Diagrammet til venstre på neste side viser utvikling i bruk av helikopter på Svalbard i perioden 2001 til 2013. Utleige er stort sett til Store Norske og Norsk Polarinstitutt. "SMS og SAR" viser total flyging i redning, ambulanse og i Sysselmannen si myndighetsutøving. Sysselmannen sin flyaktivitet over tid er høvesvis uendra.

Diagrammet til høgre under viser alle helikopterlandingar frå 2011 til 2013 og landingar i naturvernområde. Naturvernområde omfattar både naturreservat, nasjonalparkar og Festningen geotopvernområde.



4.8 Dyrehelse


Sysselmannen er myndigheit for dyrehelse på Svalbard. Sysselmannen har i 2013, som i tidlegare år, lagt til rette for at Mattilsynet sin veterinær ein gong om året kan vaksinera alle husdyr på Svalbard mot rabies. Sysselmannen ordnar transport for veterinæren til dei ulike busetnadane. Vi held òg registeret over alle husdyr på Svalbard og deira vaksinasjonsdato oppdatert.

I 2013 innførte Mattilsynet nye reglar for kven som kan gje hunden ormekur før den reiser frå Svalbard til fastlandet. Tidlegare kunne eigar sjølv gjere dette, men frå 1. mai 2013 må ein veterinær i tillegg stadfeste at dette er gjort. Ormekuren skal hindra at parasitten *Echinococcus multilocularis* (revens litle bendelorm) spreier seg frå Svalbard til fastlandet med hundane.

Sysselmannen var i framkant av regelendringa i dialog med både Mattilsynet og Landbruks- og matdepartementet som ansvarlege for veterinærtenesta, for å finne ei løysing på problemet med manglande veterinær på Svalbard. I august 2013 flytta ein veterinær til Svalbard på eige initiativ og opna praksis med støtte frå mellom anna Landbruks- og matdepartementet.

Sysselmannen er særst nøgd med denne løysinga, som er avgjerande for god velferd og helse hjå hundar og andre husdyr på Svalbard.

Ved årsskiftet var det 621 hundar på Svalbard. Dette er det høgste talet som er registrert sidan registreringane starta i 2001. Det er auke i både talet på hundar til kommersiell bruk og hundar eigd av privatpersonar i 2013.



4.9 Miljøinformasjon

Sysselmannen har hjulpet til i arbeidet med omlegging av svalbardsidene på www.miljøstatus.no og samarbeider med Norsk Polarinstittutt om å gjera Sysselmannen sine miljødata tilgjengelege i svalbardkartet.


Sysselmannen gav i 2013 ut to enkle brosjyrar, ein som informerer om kvar ein kan køyra snøskuter dersom ein er tilreisande turist på Svalbard. Denne brosjyren har òg kart og anna nyttig informasjon om tryggleik og regelverk. Den andre brosjyren handlar om å ta omsyn til dyrelivet når ein er på skutertur og rettar seg både mot tilreisande turistar og fastbuande på Svalbard. Svalbard Reiseliv og aktørane som driv skuterutleige fekk brosjyrane på eit orienteringsmøte. Brosjyrane vart godt motteke.



5 Sysselmannen sin organisasjon og interne verksemd

5.1 Organisasjon, personell og eigedomsforvaltning


Sysselmannen på Svalbard er organisert i tre avdelingar og ei stabseining som vist på organisasjonskartet nedanfor:



Sysselmannen hadde i 2013 32 åremålsstillinger og ei fast stilling som reinhaldar. Av dei tilsette har 10 slutta i 2013. Vi har hatt 25 ulike engasjement som mellom anna sysselmannsbetjentar, feltinspektørar, vikarar og handverkarar. Desse engasjementa utgjør til saman 5,3 årsverk.

Sysselmannen har fått ei ny stilling i miljøvernnavdelinga i 2013. I tillegg har nokre stillingar vorte flytta mellom avdelingane. Arbeidet med å utvida Sysselmannen sitt

administrasjonsbygg har komme godt i gong. Bygget skal ferdigstillast i juni 2014.



Arbeide med utviding av administrasjonsbygget til Sysselmannen. Bilete: Arild Lyssand/ Sysselmannen på Svalbard

5.1.1 Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sysselmannen har avtale med Longyearbyen sjukehus om bedriftshelseteneste. Gjennom denne tenesta får alle tilsette tilbod om helsesamtale, ergonomisk undersøking og tilpassing av arbeidsplassen. HMT-systemet hjå Sysselmannen er knytt til eininga sitt styringssystem. I 2013 vart vernerundar gjennomført. Desse registreringane blir grunnlaget for HMT-handlingsplanen for 2014. Sysselmannen leiger Svalbardhallen ein time per veke til trening for dei tilsette. Arbeidsgjevar dekkjer òg ein fast sats per år som dei tilsette kan nytta til treningstilbod.






I løpet av 2013 har vi gjennomført tryggleiksopplæring etter interne instruksar. Alle nyttilsette har gjennomgått grunnleggjande tryggleiksopplæring. Det er òg gjennomført ei innføringsveke for sommarvikarar i politiavdelinga og for feltinspektørar. I 2013 vart det gjennomført eit tryggleikskurs med fokus på snøskred.

5.1.2 Likestilling og mangfald

Det er no 45 prosent kvinner hjå Sysselmannen, og vi har fokus på likestilling når vi tilset. Ved utlysing av stillingar oppmodar vi òg personar med minoritetsbakgrunn om å søka. Søkjarar med minoritetsbakgrunn blir kalla inn til intervju dersom dei fyller minimumskrava til stillinga.

5.2 Arkiv

I 2013 starta Sysselmannen med å publisera offentleg journal på OEP, Offentleg elektronisk postjournal, og tok i bruk innsynsmodulen i arkivsystemet DocuLive. Overgang til publisering på OEP har ikkje gitt auke i tal spørsmål om innsyn.



5.3 Økonomi

5.3.1 Kapittel 5 Drift

Det var eit mindreforbruk på kapittel 5 Drift. Dette skuldast at ubrukte løyvingar er overførte frå 2012 til 2013.

5.3.2 Kapittel 6 Transport

Det var eit mindreforbruk på kapittel 6 Transport. Dette skuldast at ubrukte løyvingar er overførte frå 2012 til 2013. Det har dessutan vore mindre forbruk av drivstoff for tenestefartøyet grunna noko lågare aktivitet og lågare drivstoffprisar enn venta.

5.3.3 Kapittel 9 Kulturminnevern

Det var eit underforbruk på kapittel 9 Kulturminnevern. Dette skuldast i hovudsak at fleire av dei planlagde istandsettingstiltaka ikkje kunne setjast i verk grunna sjuk handverkar.

5.3.4 Rekneskap 2013

| Kapittel 5 Sysselmannen på Svalbard | Budsjett 2013 | Rekneskap 2013 |
|---|----------------------|-----------------------|
| 32 Salgsinntekt | -2 744 191 | -2 771 394 |
| 34 Inntekt frå tilskot og overføringar | -1 000 000 | -1 000 000 |
| 38 Gevinst ved avgang av anleggsmidlar | -94 500 | -94 500 |
| 47 Kjøp av immaterielle eigedelar og liknande | 402 537 | 402 537 |
| 49 Kjøp av transportmidlar, inventar og maskinar med vidare | 1 986 239 | 2 021 538 |
| 50 Løn fast tilsette | 22 627 311 | 22 219 291 |
| 51 Løn mellombels tilsette | 2 057 611 | 2 265 726 |
| 53 Anna oppgavepliktig godtgjersle | 282 170 | 316 632 |
| 58 Offentlege refusjonar knytt til arbeidskraft | -100 317 | -169 149 |
| 59 Anna personalkostnad | 393 251 | 332 969 |
| 63 Kostnadar lokale | 5 246 579 | 5 316 204 |
| 64 Leige maskinar, inventar eller liknande | 266 900 | 255 413 |
| 65 Verktøy, inventar og driftsmateriale | 1 079 441 | 796 425 |
| 66 Reparasjon og vedlikehald | 294 000 | 266 831 |
| 67 Kjøp av framande tenester | 1 733 384 | 1 035 847 |
| 68 Kontorrekvisita, bøker, møter og kurs | 1 012 265 | 980 665 |
| 69 Telefon, porto og liknande | 708 903 | 703 364 |
| 70 Kostnad transportmidlar | 792 000 | 682 733 |
| 71 Kostnad og godtgjersle for reise, diett, bil og liknande | 1 798 820 | 1 692 512 |
| 73 Sal, reklame og representasjon | 252 748 | 232 449 |
| 74 Kontingent og gåve | 30 000 | 44 889 |
| 75 Forsikringspremie, garanti og service | 70 000 | 61 173 |
| 77 Anna kostnad | 259 677 | 431 696 |
| Sum kapittel 5 | 37 354 828 | 36 023 853 |
| Kapittel 300501 Sysselmannen på Svalbard | Budsjett 2013 | Rekneskap 2013 |
| 37 Gebyrer med vidare som inngår i driftsinntekt | -200 000 | -268 010 |
| Sum inntekter kap. 300501 | -200 000 | -268 010 |
| Kapittel 6 Sysselmannens transporttjeneste | Budsjett 2013 | Rekneskap 2013 |
| 32 Salsinntekt | -1 000 000 | -790 071 |
| 64 Leige maskinar, inventar og liknande | 72 930 563 | 72 926 771 |
| 77 Anna kostnad | 15 642 392 | 10 844 259 |
| Sum kapittel 6 | 87 572 955 | 82 980 959 |
| Kap 300601 Sysselmannens transporttjeneste | Budsjett 2013 | Rekneskap 2013 |
| 32 Salsinntekt, utanfor avgiftsområdet | -500 000 | -411 233 |
| Sum inntekter kap. 300601 | -500 000 | -411 233 |
| Kapittel 9 Kulturminnevernet | Budsjett 2013 | Rekneskap 2013 |
| 49 Kjøp av transportmidlar, inventar og maskinar med vidare | 65 000 | 60 328 |
| 51 Løn mellombels tilsette | 973 100 | 994 830 |
| 59 Anna personalkostnad | 0 | 7 954 |
| 63 Kostnadar lokale | 100 000 | 99 568 |
| 65 Verktøy, inventar og driftsmateriale | 155 000 | 118 637 |
| 66 Reparasjon og vedlikehald | 127 000 | 126 805 |
| 67 Kjøp av framande tenester | 415 000 | 415 375 |
| 68 Kontorrekvisita, bøker, møter og kurs | 340 000 | 317 406 |
| 69 Telefon, porto og liknande | 21 000 | 9 342 |
| 71 Kostnad og godtgjersle for reise, diett, bil og liknande | 112 000 | 90 501 |
| 73 Sal, reklame og representasjon | 10 000 | 3 906 |
| 77 Anna kostnad | 10 000 | 0 |
| Sum utgifter kap. 9 | 2 328 100 | 2 244 652 |

6 Svalbards miljøvernfond

Svalbards miljøvernfond er eit statleg organ underlagt Klima- og miljødepartementet (KLD). Sysselmannen på Svalbard er sekretariat for Svalbards miljøvernfond og utgjer òg den administrative leiinga av fondet. Miljøvernfondet si verksemd er styrt av vedtektene, forskrift og eiga tildelingsbrev frå KLD. Fondet rapporterer òg med eigen årsmelding for verksemda og har eigen styringsdialog med departementet. Det er om lag to årsverk knytt til sekretariatet. Alle kostnader ved drift av fondet blir dekte av miljøvernfondet sitt budsjett og lastar ikkje Sysselmannen sitt driftsbudsjett.

Styret for fondet blir utnemnd av KLD og er fondet sitt øvste organ. Styreleiar er fondet sin verksemdsleiar, medan sekretariatet har ansvar for den daglege drifta av miljøvernfondet si verksemd som omhandlar planlegging og leing av drift, samt oppfølging av vedtak fatta av styret. Sekretariatet har ansvar for kunngjering av tilskot, fagleg vurdering og innstilling av saker for styret, utbetaling av pengar og oppfølging av prosjekta.

I 2013 er sekretariatstillinga flytta frå miljøvernavdelinga til administrasjonsavdelinga hjå Sysselmannen, for å gje eit tydlegare skilje mellom miljøvernforvaltinga sine oppgåver og fondet sine oppgåver som økonomisk verkemiddel for å ivareta miljøvernarbeid på Svalbard. Sekretariatet er samtidig ei eiga frittstående miljøfagleg eining i tillegg til at miljøvernavdelinga òg bidreg med faglege innspel på søknader til fondet på lik line med fagdirektorata som rådgjevande organ.

Ei prioritert oppgåve for sekretariatet er å gi informasjon og yta service til publikum. Svalbards miljøvernfond ynskjer å ha ei synleg verksemd og vera aktive overfor søkar og prosjekt. Rapportar frå prosjekta vert lagde ut på www.miljovernfond.no.

Det vart i 2013 tildelt 10,3 millionar kroner frå fondet til 44 ulike miljøvernprosjekt på Svalbard.

